



Saksbehandlar: Annlaug Helene Kjelstad, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/9855-2

## **Svar - Høyring av forslag om oppheving av vannscooterforskrifta**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune stiller seg positive til forenkling av regelverket ved å oppheve gjeldande vannscooterforskrift og la kommunane nytte mogelegheitene i gjeldande lovverk om motorferdsel, den sentrale fartsforskrifta og hamne- og farvasslova til å innføre lokale forskrifter som tek lokale omsyn.
2. Gjeldande vannscooterforskrift må ikkje opphevast før kommunane har fått rimeleg tid til å utarbeide og vedta lokale forskrifter.
3. Utforming av forskriftene bør skje i dialog med nabokommunar og med regionalt nivå, der fylkeskommunane og fylkesmannen kan bidra med råd og rettleiding til kommunane.
4. Kommunane og eventuelle kontroll- og klageorgan bør tilførast ressursar for handheving av lokale forskrifter sidan vannscooterbruken truleg vil auke og konfliktane knytt til bl.a. støy, nærføring og ulike typar friluftsliv følgjer med.

Vedlegg:

[Høyring av forslag om oppheving av vannscooterforskriften, Klima- og miljødepartementet.](#)  
[23.12.2016.](#)

Andre dokument som ikkje ligg ved:

[Lov om motorferdsel](#), LOV-1977-0610-82  
[Den sentrale fartsforskrifta](#), FOR-2009-12-15-1546  
[Hamne- og farvannslova](#), LOV-2009-04-17-19

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Grunnen for at saka er fremja

Klima- og miljødepartementet (KLD) har, i brev av 23.12.2016, sendt på høyring forslag om oppheving av forskrift for bruk av vannscooter. Forskrifta er ei nasjonal særforskrift og fastset blant anna forbudssoner der bruk av vannscooter ikkje er tillate. Forbudssonene omfattar eit belte 400m frå land i sjø, og eit belte 500m frå land i vassdrag/innsjøar.

KLD foreslår at den nasjonale forskriften vert oppheva, og vert erstatta med ei ordning der den enkelte kommune har ansvar for å regulere bruken av vannscooter. Kommunane må sjølve utarbeide og vedta lokale forskrifter for sjø, vassdrag og innsjøar. Kommunane kan då ta omsyn til lokale forhold og avvege lokale interesser på best mogeleg måte. Med heimel i hamne- og farvasslova og motorferdselslova kan kommunane regulere bruken av vannscooter, inkludert etablering av forbudssoner, fartsgrenser m.m. ut frå lokale vurderingar.

KLD sitt forslag vil då ikkje gjere skilnad på vannscootere og andre fartøy og fritidsbåtar når det gjeld regulering av trafikk, trygg ferdsel, omsyn til natur, friluftsliv osv. Regjeringa meiner at oppheving av forskriften vil sikre eit meir einsarta regelverk som er meir brukarvennleg og lettare kan handhevast. Regjeringa framhevar og at dei alminnelege ferdsselsreglane til sjøs gjeld for alle fartøy og inneheld tilstrekkelege reglar for å sikre ein fornuftig og trygg bruk av sjø, elv og vatn.

Både ulempene og konfliktane ved bruk av vannscootere og andre støyande fartøy, gjerne i stor fart, kan variere mykje mellom tettbygde og spreiddbygde strok, mellom område med mykje friluftsliv og mindre friluftsliv.

Skilnaden både i bruken og då mogelege konfliktområde meiner KLD talar for at kommunane bør ta ansvaret for å regulere bruken av vannscooter og samordne reglane med anna motorferdsel på sjø, elv og vatn med heimel i Hamne- og farvassslova og Motorferdselslova.

Konsekvensar av forslaget:

KLD peikar sjølv på at når ein opphevar forskrifa vil det sannsynlegvis føre til auka vannscootertrafikk og auka potensial for konflikt mellom vannscooterbrukarar og andre interessegrupper som friluftslivutøvarar, båtfolk, hyttefolk og fastbuande. Auka bruk av vannscooterar kan og medføre negative effektar på natur- og dyreliv.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Fylkesrådmannen ser føremunene med oppheving av den nasjonale særforskrifta og overføring av ansvar til kommunane for å tilpasse regelverket for bruk av vannscooterar ut frå lokale tilhøve.

Før forskrifa vert oppheva må KLD gje kommunane tid til å utarbeide, handsame og vedta lokale forskrifter. Kommunane må få høve til kartlegge tilhøva både med omsyn til fart, tryggleik og ferdsel, med omsyn til støy og busetnad/fritidsbusetnad og med omsyn til natur- og friluftsforhold i sine sjø- og vassdragsområde. Kommunane kan då ta utgangspunkt i forbodssonene slik dei er fastsett i dagens forskrift. Kommunane både bør og kan regulere trafikken og fastsetje fartsgrenser og forbodssoner. Motorferdselslova avgrensar allereie i dag trafikken på vassdrag og innsjøar, men i sjø vil mogeleg bruk av vannscooter kunne oppfattast som relativt fri utan eit godt lokalt regel-verk som er lett tilgjengeleg og publisert i kart/digitale løysingar for ålmenta.

I kyst- og fjordstrok og i vassdrag som går gjennom fleire kommunar vil det verte naudsynt for nabokommunar å samarbeide om innhaldet i lokale forskrifter for ferdsel, som også omfattar vannscooterbruk. Truleg vert dette særleg viktig i område med konfliktpotensiale ut frå at det er forventa mykje vannscooterbruk sett i høve til andre brukarinteresser på tvers av kommunegrenser.

Fylkeskommune og fylkesmann skal ivareta regionale interesser som friluftsliv, støy/ureining, naturvern m.fl. Utforming av forskriftene bør difor skje både i dialog med nabokommunar og med regionalt nivå, der fylkeskommunane og fylkesmannen kan bidra med råd og rettleiing til kommunane.

I fleire område i fylket vårt er det etablert interkommunale samarbeid for å ta i vare kommunane sine oppgåver etter § 9 i Hamne og farvasslova. Hamneområda har då gjerne fått delegert mynde etter § 9 frå det enkelte kommunestyre. For at kommunane skal kunne utarbeide, handsame og vedta lokale forskrifter rasjonelt, oppmodar vi KLD om å vurdere om det er nokon omsyn som må takast i høve dei interkommunale hamneområda. Det kan tenkast at nokre kommunar då tek i vare naudsynt regelverk for vassdrag og innsjø etter Motorferdselslova og at det interkommunale hamneområdet tek i vare regelverk for ferdsel i sjøområda etter Hamne og farvasslova.

Også ut frå det sist nemnde vil fylkesrådmannen sterkt rá frå å oppheve den gjeldande forskrifa no 1. mai 2017, slik som det står i høyningsbrevet. Det vil gje ein sommarsesong i 2017 utan at kommunane har hatt rimeleg høve til å utarbeide, handsame og vedta nye forskrifter og dermed ei form for 'vakum' og mogeleg tvil om kva reglar som gjeld. Det tek noko tid å etablere eit nytt regelverk lokalt og når det også fordrar dialog med nabokommunar, avklaring med inter-kommunalt hamneområde og regionale vurderingar/omsyn etc. så er det all grunn til å tilrå at kommunane vert gjeve rimeleg tid frå denne høyringa er slutthandsama i KLD, t.d. fram mot sommarsesingen 2018 og at gjeldande forskrift ikkje vert oppheva før byrjinga av 2018.

## **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen ser føremunene med oppheving av den nasjonale særforskrifta og overføring av ansvar til kommunane for å tilpasse regelverket for bruk av vannscooterar ut frå lokale tilhøve. Kommunane har hausta erfaring med avvegingar, avgrensingar og løyver etter Motorferdselslova i

snart 40 år, og mange kommunar og hamneområde har lang erfaring med ordensreglement og fartsrestriksjonar i sjøområda etter Hamne- og farvasslova.

Kommunane må likevel gjevast tid og ressursar til å innføre lokale forskrifter før gjeldane forskrift vert oppheva. Utforming av forskriftene bør skje i dialog med nabokommunar, hamneområde og med regionalt nivå, der fylkeskommunane og fylkesmannen kan bidra med råd og rettleiing til kommunane.

Ut frå den moglege utviklinga som KLD peikar på, bør kommunane og ev. kontroll- og klageorgan tilførast ressursar for handheving av lokale forskrifter. Det er peika på at vannscooterbruken sannsynlegvis vil auke og konfliktane knytt til bl.a. støy, nærføring og ulike typar friluftsliv følgjer med.